



Den nyrike russaren forbi Skorpo laurdag. (Foto: Knut A. Myklebust)

**Midt under Aktivitetsdagen i Uskedalen laurdag fann det stad ein båtpassering soim ikkje er daglegdags her sjølv om mange fine båtar fer forbi oss gjennom Storsundet. På tur innover kom yachten A, som tilhøyrer ein nyrik russar og har kosta nesten to milliardar kroner og er den ellefte største yachten i verda.**

Yachten, som vart bygt ferdig i fjor, tilhøyer ein av Europas rikaste menn og med sine 119 meter er den ei av dei lengste. Den har ein spesiell utsjånad og minnar om ei ubåt. Den franske deignar Philippe Starck har teikna han. Mannskapet er på 42 og det er plass til 14 gjester.

Då båten var i Oslo for nokre dagar sidan opplyste VG at eigaren er den nyrike russaren Andrej Melnitjenko (37) som ligg som nummer 158 på lista over dei rikaste i verda og har ein formue på 6,2 milliardar dollar. Namnet på båten er inspirert av hans eigen forbokstav og kona Aleksandra (32), som er tidlegare toppmodell frå Serbia.

I Oslo var dei i land og kjøpte 10 meter plen slik at hunden kan gjera frå seg på grønt gras. Den russiske miljardæren trivs i norske farvatn - han var her også i fjor og då fekk han henta tre Monet-måleri med privatfly.

Då kona var 30 leigde han Jennifer Lopez for 10 millioner og på deire tre års bryllupsdag i fjor var Lenny Krawitz underhaldar medan David Beckham stod på gjestelista. Om han hadde med seg nokre kjendisar gjennom Storsundet er ikkje kjent.

Men seinare vart det meldt at båten hadde ankra opp i Jondal ved 17-tida og sett i land eit par og ein liten hund. Seinare gjekk yachten vidare til Ulvik og natt til måndag kom den til Bergen, der den skal liggja til tysdag kveld før den set kursen for Sognefjorden.

Melnitjenko har vorte rik på industri og bankverksemd.

Av Ola Matti Mathisen